



Spelet om engelen Ariel er igang

65 var møtt fram til den tradisjonelle julefesten i Bdehuset i kveld og dei fekk mellom anna oppleve eit julespel om den litt tunglærde engelen Ariel som gjorde sterkt inntrykk og vart eit høgdepunkt.

Nelly Kjærland hadde instruert dei tilsaman 13 aktørane. Ariel vart spela av Ingeborg Hestad og Jon Harald Kjærland var opplesar. Dette året var det Aud Isaksen Haugland som leia festen der ein særleg merka seg det store innslaget av forventningsfulle barn.



[Gang rundt vandrnde juletre](#)

Lise Marie Litlabø frå Stord hadde preika og Ronya Lakselv spela fiolin medan Torbjørn Haugland og Synne Eikeland song. Det var også tid til matøkt og leikar og sjølvstapt gang rundt juletreet. Det er verd eit lite kapittel for seg. Det er nok ikkje så mange som er klar over at Uskedalen ikkje berre har eit permanent juletre, men også eit vandretre. Det siste startar vandringa si i Aktivitetshuset då det er skuleavslutning der.

Så dukkar det opp i Bedehuset på den tradisjonelle festen og gjer til slutt teneste i den enda meir tradisjonelle juletefesten i Vonheim. Og den er imorgon kveld, forøvrig med Gunnar Kjærland som andaktshaldar. Det er også ein positiv tradisjon.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Sugerørleiken slo an